



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2015/9427-2

Vår ref
17/3379-4

Dato
21. mars 2018

Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for fastlandssamband til Huglo, Stord kommune

Vi viser til brevet dykkar av 31. januar i år (dykkar ref. 2015/9427-2), der de ber om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for eit vegprosjekt som vil korte inn på trekantsambandet Jektevik—Hodnanes—Nordhuglo. Vi viser også til brevet frå Samferdselsdepartementet til fylkeskommunen av 28. februar der dei stadfesta at prosjektet kjem inn under ferjeavløysingsordninga. Samferdselsdepartementet skriv vidare at sidan ein ny riksveg skal erstatte resten av sambandet, fell denne strekninga (Jektevik—Hodnanes) utanfor den fylkeskommunale ferjeavløysingsordninga.

Storleiken på dei årlege ferjeavløysingsmidlane blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei ny bru eller tunnel (jf. punkt 5.1 i retningslinjene). Tapet blir rekna ut ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Det er per i dag ikkje mogleg å rekna kva effekt innkortinga av ferjesambandet vil ha i kriteriedata. Grunnen er at Hordaland fylkeskommune ikkje tok med strekningslengda for den delen av sambandet som trafikkerer Nordhuglo då kriteriedata for inntektssystemet i 2018 blei berekna. Vegprosjektet som kortar inn på sambandet vil dermed ikkje gi noko endring i kriteriedata for 2018. Vi kan derfor ikkje rekne ut overslag for prosjektet no.

Bakgrunn

Prinsippa for utrekning av ferjeavløysingsmidlar er omtalte i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 5.1:

"Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Tapet blir berekna ved å sjå

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Max Joseph
Korman
22 24 72 72

på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. For vegprosjekt som kortar inn på eit ferjesamband utan å avløyse det heilt, vil departementet gjere eit overslag på endringa i kriteriedata for ferjesambandet."

Frå og med 2018 er kriteriet for ferjer i utgiftsutjamninga i hovudsak dei normerte ferjekostnadene. Kriteriet blir rekna ut for kvart einskild ferjesamband med utgangspunkt i ein modell presentert i rapporten Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåtar, som blei utarbeidd av Møreforskning Molde på oppdrag frå departementet. Kriteriet blir rekna ut med utgangspunkt i mellom anna trafikkmengde, strekningslengde og type farvatn for kvart einskild ferjesamband. Strekningslengde påverkar mellom anna drivstofforbruket, og har stor betydning for utrekning av dei normerte ferjekostnadene.

I samband med utvikling av modellen samla Møreforskning inn data om trafikkmengde, sambandslengde og type farvatn for kvart einskild ferjesamband. Datainnsamlinga var basert på eigenrapportering frå fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune rapporterte ein sambandslengde for ferjesambandet Jektevik—Hodnanes—Nordhuglo på 4,6 km. Denne lengda svarer til ein rundtur mellom Jektevik og Hodnanes, og ser ikkje ut til å inkludere strekninga via Nordhuglo. Det er derfor berre lengda på strekninga Jektevik—Hodnanes som inngår i utrekning av dei normerte ferjekostnadane i inntektssystemet 2018.

Fastlandssamband for Huglo inneber ei innkorting av trekantsambandet Jektevik—Hodnanes—Nordhuglo. Det nye ferjesambandet vil berre bestå av strekninga Jektevik—Hodnanes. Lengda på denne strekninga er 4,6 km, altså lik sambandslengda som er lagt til grunn i inntektssystemet for 2018. Innkorting av ferjesambandet gir dermed inga endring på kriteriet normerte ferjekostnader. Derfor er det per i dag ikkje mogleg å berekne ferjeavløysingsmidlar for prosjektet.

Vidare prosess

Departementet arbeider vidare med å finne ein formålstenleg måte å oppdatere kriteriet normerte ferjekostnader på (jf. Prop. 128 S (2016-2017), s. 70). I samband med dette arbeidet ser vi også nærare på korleis vi kan fastsette sambandslengda i ferjesamband med fleire enn to anløp. Vi viser også til det pågåande arbeidet med ny ferjestandard, der vi tek opp problemstillingar rundt sambandslengde i ferjesamband med fleire enn to anløp.

Når prinsippa for korleis sambandslengda skal definerast i slike ferjesamband er klare, vil det vere mogleg å gjere ei ny vurdering av storleiken på ferjeavløysingsmidlane for dette vegprosjektet.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Max Joseph Korman
fyrstekonsulent

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar